



Notat

Dato: 12.04.2016
Arkivsak: 2016/4006-3
Saksbehandlar: gunradd

Til: Liv Sundheim

Frå: Gunhild Raddum

Ber om innspel kommuneplan Ulvik, ny høyring

Samferdselsavdelinga har følgjande merknader:

I føresegnene er det lagt opp til å konsentrere bustader, næring og sentrumsføremål i sentrumsområder. Dette er positivt i tråd med nasjonale og regionale retningslinjer. Målsettinga er å redusere bruk av privatbil, og gjere det enkelt å gå eller sykle. Å samle slike viktige målpunkt er også ein forutsetting for eit best mogleg kollektivtilbod.

Bruravik ferjekai er i HFK og Statens vegvesen sitt eige, men kaia og vegen frå kryss fv 542 har ikkje lenger funksjon som fylkesveg. Ulvik herad ønskjer å nytte området til industri og næring, og det er sett i gang ein prosess kring overtaking av arealet slik at området kan nyttast til eit slikt formål.

Til slutt vil vi minne om at «Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser 2013-2016» er retningsgivande for kommunane i arealplanar som omhandlar fylkesveg.